
DETALJREGULERINGSPLAN
PØYLA, ALVSVÅG, BØMLO
110/329 M.FL.
PlanID: 201705

Bømlo kommune



P L A N O M T A L E

Planlegg Bømlo

Innhald

1) BAKGRUNN 3
2) PLANSTATUS 4
2.1 KOMMUNEPLANSTATUS 4
2.2 REGULERINGSPLANSTATUS 4
3) OMTALE AV PLANOMRÅDET 5
3.1 PLASSERING 5
3.2 AREAL og AVGRENSING AV PLANOMRÅDET 5
3.4 BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET 6
4) EIGEDOMSTILHØVE 10
5) PLANPROSESS 10
6) INNKOMNE MERKNADAR TIL MELDING OM OPPSTART 10
7) OMTALE / KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET 14
7.1 Arealbruk 14
7.2 Bygningar og anlegg 14
7.3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur 16
7.4 Grøntstruktur 17
7.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone 17
7.6 Tekniske anlegg 18
7.7 Landskap 19
7.8 Naturmangfald 21
7.9 Kulturminne 25
7.10 Folkehelse og friluftsliv 26
7.11 Universell utforming 26
7.12 ROS 26
8) PLANFAGLEGE VURDERINGAR 32
8.1 Strandsone 32
8.2 Fråvik frå kommuneplanen – utfylling i sjø 33
8.3 Fråvik frå kommuneplanen – føremål 34

1) BAKGRUNN

PlanID 201705

Forslagsstillar: Lars Mæland, Nordre Mæland 22, 5430 Bremnes

Planleggar: Planlegg Bømlo as, Fylkesnesvegen 31, 5430 Bremnes

I kommuneplanen sine føresegner § 3.1.3 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 4 naust i rekkje, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer detaljregulering av området. Prinsippsøknad om oppstart av detaljregulering vart sendt til Bømlo kommune si planavdeling den 23.05.17, og saka vart behandla av Utval for Areal og Samferdsle med positivt vedtak den 07.06.17. Omfang av planområde er diskutert i oppstartsmøte med Bømlo Kommune og er i tråd med innstillinga til planavdelinga.

Føremålet med planen er å planleggja for bygging av inntil 13 nye naust. I planområdet er det i dag berre flytebrygger, og området har vore brukt til båtplassar. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkeringsplassar og flytebrygger i sjø. Tilførselsveg frå FV5012 er allereie utbygd som kommunal veg, Alvsvågsvegen.

Planavdelinga i Bømlo kommune har vurdert planomfanget opp mot behovet for konsekvensutgreiing i henhald til gjeldande forskrift og har konkludert med at det ikkje er naudsynt å konsekvensutgreia detaljreguleringsplanen.




Flyfoto

2) PLANSTATUS

2.1 KOMMUNEPLANSTATUS

I gjeldande kommuneplan 2013-2025 er området i hovudsak disponert til noverande naustføremål, noverande spreidd boligbebyggelse (LNF-KAN), noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.



Utsnitt frå kommuneplanen

2.2 REGULERINGSPLANSTATUS

Området er ikkje tidlegare regulert. Planområdet grensar ikkje til eksisterande reguleringsplanar.

3) OMTALE AV PLANOMRÅDET

3.1 PLASSERING

Planområdet ligg langs Alvsvågvegen i sjøområdet inst i Alvsvågen kalla Pøylo, i Bømlo kommune. Alvsvågen ligg sør for kommunesenteret Svortland.



Lokalisering av planområdet.

3.2 AREAL og AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

Planområdet utgjer ca. 7 daa inkl. sjøareal.

Planområdet omfattar heile eller deler av eigedomane på gnr. 110, bnr. 7, 94, 170, 225, 247 256 og 329. I tillegg kjem tilførselsveg med tilhøyrande siktsoner, på delar av gbnr. 110/296, kommunal veg, Alvsvågsvegen, eigd av Bømlo kommune.

Planområdet startar om lag 160 m sør for Fv5012 langs Alvsvågsvegen, og føl den kommunale vegen vidare sørover ca. 190 m til eit vegkryss. Naustområdet er på austsida av Alvsvågegen og felles parkeringsareal er planlagd vest for Alvsvågvegen om lag midt på planområdet. Planområdet omfattar all ubygd naustføremål som er avsett i gjeldande kommuneplan 2013-2025.

3.4 BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET

3,4,1 Eksisterande bygg

Det er ingen eksisterande bygningar i området. Det finnes 4 eksisterande flytebrygger i planområdet.

3.4.2 Eksisterande tilførselsveg

Området er tilknytt offentleg veg via kommunal veg KV1173 – Alvsvågsvegen, som er knytt til fylkesveg 5012. Kommunal veg har fartsgrense 50 km/t. Vegen går vidare ut til Alvsvåg/Langøy og har ingen gjenn-omgangstrafikk. Vegen er delvis smal i områda sør for planområdet.

3.4.3 Naturgitte forhald

Planområdet ligg med skråning vendt mot aust, og ligg langs Alvsvågsvegen. I bakkant av planområdet ligg det tre bustadhus. Skråningen ned mot sjøen er tilvakse med kratt og busk, hovudsakleg hassel, men også andre lauvtre som rogn og bjørk. Litt innslag av furu og lyng. Området har vore brukt som lending og båtplass i lange tider, og her finn ein ei lun og god hamn for småbåtar. Området er relativt langgrunt mange stadar, og innløpet til Pøyla (sør for planområdet) er smalt og delvis grunt.




Flyfoto henta frå Fonnakart.no som viser store deler av planområdet. Som biletet viser, er det ingen bygningar i sjølve planområdet. Sjøområdet er langgrunt.

Berggrunnen i planområdet er homogen og godt eigna til byggeføremål. Ifølge NGU sitt kartverk, Arealis, består berggrunnen i planområdet av metagabbro, vesentleg grovkorna og lagdelt.

Ifølge same kartportal er det "Moderat til lav" aktsemdsgrad for radon i området. Me går difor ut frå at ein ikkje treng å ta spesielt omsyn til radon under utbygging, utover det gjeldande byggereglar og teknisk forskrift tilseier.

Like sør for planområdet ligg Halleraker mekaniske verkstad (gbnr. 110/21 og 44). Her er det i Naturbase registrert mistanke/lite informasjon om forureining eller deponering av avfall. Oppfølging er uavklart. Forureiningsmynde er Statsforvaltaren i Vestland.

Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområder for ras eller skred i NVE Atlas. Det er ikkje registrert historiske rashendingar i området. Det er ikkje registrert flaumfareområde, men det er registrert aktsemdsområde for flaum i Alsvågvatnet og langs utløpsbekk til sjø, som ligg i planområdet. Aktsemdskartet er generert i terrengmodell, og har i følgje NVE låg posisjonell- og tematisk nøyaktigheit, samt låg oppløysning og med generalisering.




Utsnitt aktsemdsområde flaum, NVE Atlas.

Planområdet ligg til sjø, og er utsett for stormflo. I følgje sehavnivå.no er deler av planområdet omfatta av areal som vil verta påverka av stormflo (20/200/1000-årsflaum). Kartet er eit grovt anslag som viser kva areal som kan vere utsett for flaumfare ved maksimale flaumvasstandar under ein potensiell stormflo. Slike kart tek utgangspunkt i kystkonturen sett frå flyfoto for måling av havnivå, og kan følgjande ikkje reknast som heilt nøyaktige, men gode nok til å gje ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare dersom det er aktuelt med ny utbygging.




Utsnitt NVE Atlas, stormflo med 200-årsintervall (i dag).

Det er ikkje registrert faresone for kvikkleire i området, men arealet ligg under marin grense. Langs Alsvågvegen er det registrert aktsemdsområde for kvikkleireskred. Lausmassane i området består i følgje NGU av bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.



Utsnitt NGU Granada som syner lausmassar i området




Utsnitt NVE Atlas som syner areal under marin grense (lys blått areal) og aktsemdsområde for kvikkleire (blått prikkete areal)

3.4.4 Naturmangfald

Innanfor planområdet finst det ingen kjente funn av trua artar eller naturtypar.

Det er registrert ein marin naturtype sør for planområdet i 2009, Langøya (bløtbunnsområder i strandsona). Dette er ein større registrering i sjøområda i ytre del av Alvsvågen. På land er det ein naturtype i aust, Meland (Rik kulturlandskapssjø) og ein i nord, Hopatjørn (Strandeng og strandsump).

I Pøylo er det registrert observasjonar av artane: tjeld som er kategorisert som Nær trua i rødlista, lomi som er kritisk trua i rødlista, makrellterne som er sterkt trua i rødlista, samt fiskemåke, gråmåke og ærfugl som er sårbar i rødlista



Registreringar i Naturbasekartet, Miljødirektoratet. Artsførekomstar er synt med punkt i kartet.

3.4.5 Kulturminne

Innanfor planområdet er det ingen kjente registrerte kulturminne.

Næraste kulturminne er eit gamalt båtnaust omlag 100 m aust for den nordre delen av planområdet, på andre sida av Pøyla, og kapellet på Fagervoll gravplass, omlag 120 m frå den sørlegaste delen.

Dei nærmaste freda kulturminna er 4 gravrøyser på Alvsvågsneset frå bronsealder/jernalder, Allsvåg – Fetts fk 1/1 og 1/2, samt Allsvåg – Fetts fk 2/1 og 2/2 med ID 35699-1, 72827-1, 66713-1 og 16082-1. Avstanden til planområdet er ca. 1.500 m. I motsett retning, nordover, ligg Barmahaugane busetnings-/aktivitetsområde frå steinalderen, ID 160335-1, ca. 1.700 m nordvest for utbyggingsområdet.

3.4.6 Sol- og utsiktsforhald

Planområdet er austvendt og ligg fritt til med gode solforhald. Frå alle tomtene har ein god utsikt ut mot Pøyla.

4) EIGEDOMSTILHØVE

I planområdet er det følgande eigedomar:

110/7	Privat eigar	110/247	Privat eigar
110/94	Privat eigar	110/256	Privat eigar
110/170	Privat eigar	110/296	Bømlo kommune
110/225	Privat eigar	110/329	Privat eigar

Kommunal veg, Alvsvågsvegen, ligg på bruksnummer 296, eigd av Bømlo kommune.

5) PLANPROSESS

Oppstartsmøte vart avhalde med Bømlo Kommune si planavdeling 27.04.17, og det vart i møtet avklart planområde og omfang. Planen er av planavdelinga i Bømlo kommune vurdert til å ikkje trenga konsekvensutgreiing ettersom planen er i tråd med overordna plan (kommuneplanen).

Oppstart av planarbeidet vart vedteke av Utval for Areal og Samferdsle i møte den 07.06.2017. Oppstartsmelding vart kunngjort i Bømlo-nytt den 05.07.17 og varslingsbrev vart tilsendt rørte partar, offentleg mynde og andre lag/organisasjonar den 19.06.17. Liste over adressatar for varslingsbrev vart levert av Planavdelinga hos Bømlo kommune. Høyringsfristen vart sett til 6 veker, og vart i samråd med Bømlo kommune forlenga ytterlegare med tanke på sommarferie. Endeleg frist vart satt til 14.08.

Planforslaget vart handsama av politisk utval og lagt på offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Til planforslaget kom det inn motsegn frå Fylkesmannen i Vestland (no Statsforvaltar) datert 11.10.2018, i etterkant av dialogmøte saman med Bømlo kommune. Motsegna var basert på statlege føringar for forvaltning av strandsona, ref. pbl. § 1-8. Det vart seinare sendt inn forslag til revisjon av planen, og Fylkesmannen vart bedt om å trekkja motsegna basert på denne revisjonen. I brev at 04.05.19 og 08.06.2020 opprettheld Fylkesmannen si motsegn, med same grunnlag. Det vart gjennomført mekling den 30.09.2021. Nytt planforslag vart sendt til kommunen i 2025 som grunnlag for ny dialog med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har gått gjennom endringane og det reviderte planforslaget, og i brev 22.04.2025 konkluderer dei med; «*Revidert planforslag er i samsvar med meklingsresultatet, jf. vårt brev datert 08.12.2021. Vi har ikkje lenger vesentlege merknader til planforslaget som gir grunnlag for motsegn, og har såleis ingen merknader til at kommunen vedtek planen slik han no ligg føre*».

6) INNKOMNE MERKNADAR TIL MELDING OM OPPSTART

Det kom inn totalt 8 innspel til planarbeidet, derav to var sendt inn etter fristens utløp. Alle merknadar er tatt med, og er omtalt i under med kommentarar frå planleggjar Planlegg Bømlo as. Alle merknadar er vedlagt. Dei var fordelte slik: 7 Offentlege høyringsinstansar, 1 nabo og ingen frå foreiningar, lag/organisasjonar.

Merknadar med planleggjar Planlegg Bømlo as sine kommentarar:

Offentlege høyringsinstansar:

1. Fylkesmannen i Hordaland

a. Fylkesmannen er kritisk til planforslaget. Omfanget på 15 naust høyrest ut som ei for omfattande utbygging. Sjølv i område som er sett av til utbyggingsføremål, vil må ein vurdera og ev. sikra viktige attverande strandsoneverdiar med byggegrenser, jf. pbl. § 1.8 og tilhøyrande statlege planretningsliner for forvaltning av strandsona.
PK (planleggjars kommentar): Basert på innspel legg ein no opp til å planleggja for 13 naust. Det vert i planen lagt vekt på å samla fleire av bygga i klynger for å konsentrera bebyggelse, samt laga fleire opningar. Ein har teke vekk naust i den nordlegaste delen av området.

b. Som eit alternativ til naust bør ein vurdera felles løysningar for båtane som til dømes i småbåtanlegg.
PK: Det er vurdert felles småbåtanlegg, og det er planlagd for felles flytebrygge for to og to naust.

c. Parkeringsplass i tilknyting til naustområdet bør òg i utgangspunktet haldast utanfor 100-metersbeltet mot sjø.
PK: Felles parkeringsplass er tenkt lagt på vestsida av kommunal veg, og ligg då mellom 20 og 35 m frå sjø. For å komme lengre vekk frå sjø med felles parkeringsplass måtte ein ha brukt delar av ein landbrukseigedom, og planleggjar meiner at i dette tilfellet er det tilrådeleg å leggja parkeringsplassen slik det er tiltenkt, langs kommunal veg.

d. For å sikra at strandsona ikkje vert heilt nedbygd/privatisert må reguleringsplanen ha som grunnføresetnad det statlege retningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona. Det er omsyn og verdiar, som til dømes strandsona og ålmenta si tilgang til både strandsona og sjøarealet utanfor som må vektleggjast.
PK: Slik planen vert utforma tek ein til ein viss grad omsyn til dei statlege retningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona. Dette er skildra meir i planomtalen under avsnitt for strandsone og vedlegget Funksjonell strandsonekartlegging, Pøyla Alvsvåg, Bømlo.

2. Bømlo Vatn og Avlaup

a. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det følgja ein overordna VA-plan.
PK: Overordna VA-plan er utarbeida i samråd med BVA.

b. VA-plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.

c. BVA har offentlege vassleidningar og ein vasskum i området. Viser til krav om byggeavstand til offentlege leidningar.
PK: Desse er påvist av BVA i oppstartsmøte, og vil verta tekne omsyn til ved utbygging.

d. Kostnaden med tilknytning til offentleg røyrnett skal dekkast av utbyggjar.

3. Statens vegvesen

Planområdet ligg ikkje til riks-eller fylkesveg, og fører heller ikkje til tiltak på dette, og har difor ingen merknader til oppstartsmeldinga.

4. NVE

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

5. Bømlo kommune v/Folkehelsekoordinator/barnas representant

a. Det er eit nasjonalt, regionalt og lokalt folkehelsemål at alle bør vere meir aktive i kvardagen, såkalla kvardagsaktivitet. Da er det viktig å legge til rette for dette gjennom trafikktryggleikstiltak for mjuke trafikantar, særskilt for barn og unge, men òg for vaksne. Omtalt område er tilkomstveg til bustadområde og fritidsbustader/naust, noko som medfører gjennomgangstrafikk. Omtalt tiltak skisserer inntil 15 naust som også vil bidra til auke i trafikken på ein tilkomstveg utan særleg god trafikktryggleikstiltak for mjuke trafikantar. Det må det takast omsyn til og tilrår at det vert vurdert å redusere tal fritidsbustader.

PK: Trafikksikring/utbetring av veg er eit tema som vert omtala i planen. Omfanget av planen er redusert frå 15 til 13 einingar.

b. Det er positivt at planområdet omfattar område som kan leggast til rette for parkering ved Alvsvågsvatnet, eit område brukt av mange til badeaktivitetar. Ein rår til at det her vert lagt til rette for parkering for å unngå at bilane står langs med vegen eller må rygge rett ut i vegbanen. Her er fleire barn som syklar for å bade i omtalt vatn.
PK: Det er regulert parkeringsplass vest for Alvsvågvegen.

c. Det er ei utfordring med privatisering av tilgjengeleg strandsone. Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv. Tilkomst til sjø er eit gode og tiltak i strandsona skal komme ålmenta og fellesskapet til gode. Eit inngrep treng ikkje vere til hinder for ferdsel i strandsona. Inngrepa kan i staden bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv. Det må difor leggast til rette for at område ikkje framstår som eit privatisert sjøområde.
PK: Planen regulerer for naustføremål der det kan etablerast anleggsveg som seinare skal nyttast som turveg. Naustføremål skal i prinsippet ikkje privatisere strandsona, og ålmenta kan bevege seg fritt i området slik som i andre naustområdet.

d. Barnas representant/folkehelsekoordinator vil i utgangspunktet ikkje rå til at det vert fleire tiltak i omtalt område før det er gjort trafikksikringstiltak som sikrar mjuke trafikantar på ein betre måte, men sidan det er i byrjinga av vegen så vil det ikkje råka mjuke trafikantar like mykje som lengre inne på Alvsvåg. Ein bør likevel vurdere tiltak som sykkel og gangveg innan omtalt planområde.
PK: Dette vert omtala i planframlegget.

6. Kystverket

a. Kystverket har ut frå ein hamne- og farvassmessig vurdering ikkje særlege merknadar til planlagt arealdisposisjon i sjø. Tiltak som vert planlagt etablert må prosjekterast og dimensjonerast slik at dei toler påkjenninga dei kan bli påført i farvatnet.

b. Kystverket Vest vil minna om at alle tiltak som kan påverke tryggleiken og frame i sjø må i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova handsamast etter hamne- og farvasslova. Planlagt tiltak ligg i kommunen sitt sjøområde, og det er kommunen/kommunal hamnemynde som har forvaltningsansvar og mynde etter hamne- og farvasslova i planområdet.
PK: Forhold som Kystverket peiker på er implementert i plankart og føresegner.

7. Bergen Sjøfartsmuseum

a. Museet kjenner Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Pøyla i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Det er heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

b. Det er likevel mogeleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer difor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.
PK: Forhold til ukjende kulturminne er teke inn i planføresegnene.

8. Hordaland Fylkeskommune

a. Nærleik, tilkomst og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon i Sunnhordaland. Dette må forvaltast nennsamt slik at verdien vert oppretthalden og kjem flest mogleg til gode. I praksis vil det sei detaljert planlegging der verdiar i strandsona vert ivareteke og der tiltak i strandsona kjem allmenta og fellesskapet til gode. Vi ber om at planen syner korleis det vert sikra god tilgjenge til strandsona og friluftslivet.
PK: I planen vert strandsone omtala særskilt, sjå også vedlegget Funksjonell strandsonekartlegging, Pøyla Alvsvåg, Bømlo.

b. Utbygging av fritidsbustader og naust privatiserer og stykkar opp strandsona, og ei felles småbåthamn kan i mange tilfelle vere eit mindre arealkrevjande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal få eige naust.
PK: Det er vurdert felles småbåtanlegg, og det er planlagd for felles flytebrygge for to og to naust.

c. Fylkeskommunen minner også om at byggegrense skal angjevast i planane, jf. plan- og bygningsloven § 1-8 tredje ledd. småbåtanlegg og småbåthamn.
PK: byggegrense er regulert i plankartet.

d. All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Vi minner om at planområdet ligg innafor det regionale landskapsområdet Giljepollen. Landskapet er kjenneteikna av våg- og smalsundlandskap. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i det vidare planarbeidet.
PK: Dette vert teke omsyn til i planen. Ein har tatt ut to naust på det smalaste i vågen (nord i planområdet).

Naboar og andre interessentar:

9. Einar Laurhammer

Eg ynskjer at planavgrensinga skal strekkje seg lengre nord, to til t.o.m. vår eigedom, gnr. 110 bnr. 117.
PK: Merknadshavar vart kontakta direkte av forslagsstillar i god tid før oppstartsmøtet og fastsetjing av omfang av planen, men ville då ikkje vera med i planen. Ettersom fleire andre oppsitjarar nordom planområdet vil få eventuelt plankrav seinare, er det naturleg at ein ser desse i ein eigen samanheng.

7) OMTALE / KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET

7.1 Arealbruk

Planområdet er på ca. 7 daa inklusive trafikk- og sjøareal. Arealet fordeler seg slik (daa);

§ 12-5 Nr 1: Bygningar og anlegg	Areal
• Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (BSB)	0,6
• Småbåtanlegg i sjø med tilhøy.strandsone (SMS)	0,1
• Uthus/naust/badehus (BUN)	1,1
SUM AREAL I DENNE KATEGORI:	1,7

§ 12-5 Nr 2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
• Køyreveg, offentleg (o_SV)	1,0
• Køyreveg, privat (SKV)	0,1
• Anna veggrunn – grøntareal (SVG)	0,4
• Parkeringsplassar (SPP)	0,4
SUM AREAL I DENNE KATEGORI:	1,8

§ 12-5 Nr. 3: Grøntstruktur	
• Blågrønnstruktur (BGB)	1,7
SUM AREAL I DENNE KATEGORI:	1,7

§ 12-5 Nr. 6: Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	
• Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)	1,7
SUM AREAL I DENNE KATEGORI:	1,7

Omsynssoner:

- H140 Frisikt
- H190 Andre sikringssoner (avlaupsleidning)

7.2 Bygningar og anlegg

7.2.1 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (BSB)

Området skal nyttast til båtfeste og flytebrygger for småbåtar. Småbåtanlegget skal vera til bruk for nausteiningane knytt til småbåtanlegget. Saman med arealføremålet styrer føresegnene at flytebryggene kan vera inntil 15 m^2 og ha ei breidd på 2,5m pluss landgang.

Tiltaka skal ikkje hindre fri sjøverts ferdsel. Flytebryggene skal heller ikkje hindre fri ferdsel til, eller fortøying av båtar, for tilgrensande eigedomar (tilflot). Anker og fortøyingar kan gå ut over arealføremålet, men skal ikkje hindre fri ferdsel.

Det er føreslått ei utviding av området Småbåtanlegg i sjø og vassdrag ut over føremål naust gitt i kommuneplanen. Dette fordi det ikkje er avsett areal til småbåtanlegg i kommuneplan, og behov for djupne til flytebryggene. Dette er meir omtala i kap. 8.2.

7.2.2 Småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone (SMS)


Området kan nyttast til båtopptrekk.

7.2.3 Naust (UNB)

Planforslaget opnar for å kunne bygge inntil 13 bygningar, alle naust innanfor planområdet BUN 1-6. Ei full utbygging etter planen vil framleis gje høveleg rom og luft mellom bygga. Det er lagt vekt på at bygga skal ha ei maritim utforming i tråd med føringane gitt i kommuneplanen. Ved å regulere for gruppering av 2-3 bygg gjer ein området betre tilgjengeleg for ålmenta sett i forhold til lengre rekke med bygg. Dette ved at deler av området vert grøntareal der ålmenta kan gå ned til sjø. Dette er også positivt med omsyn til området sitt inntrykk frå sjøsida der byggeområde vert oppdelt med grøne/opne areal.

Bygningane er planlagt bygd og regulert etter "Reglar for område avsett til naustføremål" gitt i gjeldande kommuneplan for Bømlo Kommune 2013-2025. Dette betyr at bygga kan ha BRA (bruksareal) inntil 40m^2, maksimal mønehøgd på 5m målt frå ferdig golv, takvinkel mellom omlag 40 – 45^o og at bygningane kan ha våtrom på opptil 4m^2. Ved å setja same krav til bygningar som i kommuneplanen sine føresegner, sikrar ein at området får ei sams utforming i forhald til øvrige nyare naustbygg i området rundt og slik får eit heilskapleg uttrykk.

Naustområda er plassert med omsyn til eigarstruktur i området og at det er kort avstand mellom sjø og til kommunal veg. Dette inneber at nausta er gruppert slik dei er synt i plankart og illustrasjonsplan, men også at nokre av naustområda er trekt noko ut i sjø. Difor opnar planen for at det kan etablerast brygge som fundament for nye naust der bryggefront skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vere av same utforming/materiale innanfor same naustdelområdet. Føresegnene krev at bryggene skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold og tydleg fjell i dagen kan brygga etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. I område med lausmassar under 60 cm djupne skal lausmassar fjernast og over 60 cm skal tiltaka plasserast på pelar fundamentert i fjell. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget.



Prinsippskisse

I tråd med kommuneplanen skal det ikkje byggjast naust eller kai lengre ut i sjø enn 3m frå kystkonturen, men det vert føreslått ei utviding innanfor området BUN 2. Denne vert omtala meir i punkt 8.2.

Dersom det er nødvendig med fylling i/ved sjø, gir føresegnene at det skal nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd. Vidare gir føresegnene at det i samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar, skal gjennomførast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid for å unngå eventuell fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.

7.3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

7.3.1 Parkeringsplassar (SPP)

Det er regulert inn felles parkeringsareal med rom for minimum 13 parkeringsplassar, som gjer ein parkeringsplass til kvart naust. Kvar parkeringsplass er dimensjonert etter Vegvesenet sine normtal på 2.5 x 5.0m. Parkeringsareala har tilfredstillande kapasitet i forhald til krav stilt i kommuneplanen sin arealdel 2013-2025. Parkeringsplassen kan også tenkt nytta til sykkelparkering for ungar i området som kjem for å nytta badeplassen i Alvsvågsvatnet.

7.3.2 Trafikkareal/veg (o_SV og SKV)

Tilførselsveg til anleggsveg og kommunal veg Alvsvågsvegen vert regulert inn som trafikkareal veg. Kommunal veg Alvsvågsvegen er utbygd som offentleg veg med fast dekke, og med fartsgrense 50 km/t. Det er laga til fartshumpar på vegen for å halda hastigheita låg. Ved planområdet er det gode siktforhald. Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelsti langs vegen, men relativt liten trafikk og låg trafikkhastigheit gjer at mjuke trafikkantar kan ferdast langs bilvegen. Fortau/gang og sykkelsti langs Alvsvågsvegen har vore vurdert, men på grunn av at det er bygd på begge sider av vegen mange stadar langs vegen, er det vanskeleg å få til dette utan omfattande tiltak på mange eigedomar. Dette må eventuelt gjerast i ein heilskap.



Bilde frå sept. 2024. Kjelde GoogleSstreet View.

Fleire stadar langs Alvsvågsvegen er det tilfredsstillande snuforhold for større køyretøy, og det er tilkomst til sjø som sløkkjevatn for brannbil.

I nasjonal vegdatabase NVDB er estimert døgntrafikk langs Alvsvågvegen, forbi planområdet, gitt å ha ÅDT 300 (2019). Planframlegget gir grunnlag for 13 nye naust i starten av Alvsvågvegen, der det er m.a. gjennomført breiddeutviding av kommunal veg. Ei utbygging vil medføra ein liten auke i trafikk, som igjen kan gje noko auka fare for trafikkulukker. Auken i trafikk er vurdert til å vera svært liten i forhald til dagens situasjon, også dermed for auka fare for trafikkuhell.

Ei utbygging av tomtene vil medføra auka gangtrafikk tvers over kommunal veg – med parkeringsplass på oppsida av vegen og naust på nedsida av vegen. Dette er ein auke i risiko for uhell. Parkeringsplassen er plassert midt på ein oversiktleg og rett strekning med fartshumpar for å avgrense risiko for uhell.

7.3.3 Frisikt (H140)

Det er lagt inn frisiktsoner i avkøyrsler i planen. Føresegnene gir at sona skal vera fri for fysiske og visuelle hindringar høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars plan. Dette gjeld mellom anna for fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting

7.3.4 Anna veggrunn / grøntareal (SVG)

Føremålet dekker grøfter, skjeringar, skråningar og murar langsmed samferdselsføremål. Innan området kan det tillatast mindre endringar av vegføring som skjering/fylling, grøft, skråning og liknande.

7.3.5 Andre sikringssoner (H190)

Sona omfattar område for VA-infrastruktur. Innanfor området vert det tillate etablert vassleidningar og avløpsleidningar. Det vert ikkje tillat faste installasjonar over bakkenivå.

7.4 Grøntstruktur

7.4.1 Blågrønnstruktur (GBG)

Eit større område i nord er avsett til blågrønnstruktur, i tillegg til areal mellom naustgrupperingane, samt mellom naust og kommunal veg. Dette vert gjort for gruppere nausta i tydelege avgrensa område og at desse områda skal framstå som opne og gi tilgang for ålmenta til sjøen.

Føremålet dekker område som kan nyttast til friluftsområde, der terreng og vegetasjon i området skal i størst mogeleg grad bevarast slik det er. Det kan ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde. Områda skal vere ålment tilgjengelege. Det kan godkjennast enkle trapper og konstruksjonar i områda for å gje tilkomst til naust og/eller båtplassar. Trappene skal vere reversible tiltak.

For deler av området avsett til blågrønstruktur vil truleg verta etablert midlertidig anleggsveg i byggeperioden. Bakgrunnen for dette er å kunne gi tilgang til naustområda for maskinar, materiell og utstyr. Føresegnene gir at etter utbygginga er ferdig skal anleggsvegen ordnast som turveg for ålmenta. Det er i tillegg tillate å leggja inn tekniske grøfter innafor føremålet. Bygging av anleggsveg vil innebere terrenginngrep i området med skjeringar mellom naustføremål og kommunal veg. Det er nødvendig at anleggsarbeidet tek omsyn til stabilitet for den kommunale vegen, og dette er sikra i føresegn § 2.3, som gir at ein i samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar skal gjennomføre ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid for å unngå eventuell fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.

7.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone


7.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)

Området vert avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette er område i sjø som skal haldast fritt for tiltak med unntak av nødvendige fortøyingar til regulerte flytebryggjer. Området skal vera ålment tilgjengeleg, der ankerfeste og fortøyingar er tillete, men som ikkje skal hindre fri ferdsel.

7.6 Tekniske anlegg

Området har i dag offentleg vasstilførsel gjennom vasskum heilt sør i planområdet. Røyrtraséen tilhøyrande BVA er lagt inn i planframlegget som Omsynssone H190. Nausta er tenkt tilkopla til denne vasskummen via eit avstikk og ein ny tilførselsleidning i Ø 63mm PE SDR17 lagt i sjø og til eit felles punkt.

Eit eventuelt avløpsanlegg vil verta laga som eige, privat anlegg iht. lokal forskrift. I Overordna VA-plan er det teikna inn eit eksempel på ei felles løysing, basert på slamavskiljar og reinseanlegg med utslepp til sjø. Her er det synt påkopling til felles pumpeleidning i sjø, som vert slept ut til tilfredsstillande djupne iht. lokal forskrift. Ettersom teknisk løysing kan variera mellom ulike leverandørar er dette berre illustrerande. Eit eventuelt avløp frå bygga krev utsleppsløyve etter søknad. Ein kan òg vurdere å ha påkoplingspunktet på land, og etablere ei felles VA-grøft på baksida av nausta i anleggsvegen. Dette set føre felles samarbeid og felles tidspunkt for planlegging og etablering av anlegget. Ein er usikker på framdrift blant dei ulike grunneigarane i planområdet, og har valt å syne ei meir fleksibel løysing i overordna VA-plan. Kva for løysing ein vel må synast i søknad til kommunen på eit seinare tidspunkt.



Overordna VA-plan

Overvatn vert leda ut i terreng og vidare til sjø.

Området vert tilknytt Finnås Kraftlag sitt forsyningsnett for straum.

7.7 Landskap


Planområdet ligg innafor det regionale landskapsområdet Giljepollen. Landskapet er kjenneteikna av våg- og smalsundlandskap. Eit ferdig utbygd område vil ha liten eller ingen silhuettverknad frå sjøsida ettersom naustbygga vert liggjande inntil skråningar i terrenget. Ved etablering av anleggsveg i bakkant av naustområda vil det verta ei skjering mellom naustområda og kommunalveg. Hovudvegen ligg lengst nord der det er regulert naust om lag 5,4 moh og i sør 6,8 moh. Naustområda skal planerast på min. kote +2. Ut frå desse forholda kan skjeringa verta opp mot 5 meter høge. Naustbygga kan vera inntil 5 meter høge og vil kunne skjerme deler av skjeringane. Sjå snitt i kap. 7.2.3. Det vert lagt vekt på å gje bygningane ei maritim utforming, samt ei tilpassing til terrenget slik at behovet for inngrep vert avgrensa. Skjeringar og fyllingar skal opparbeidast mot eksisterande terreng til eit naturleg uttrykk og skal ferdigstillast fullstendig.



Del av hovudvegen som vil få naustføremål mot sjø og der det kan verta etablert høge skjeringar.




Terrengsnitt 1 - oversikt




Terrengsnitt 1. Alsvågvegen er markert i snittet

I terrengsnittet over ligg Alvsvågvegen på kote +5,4, og bustadhuset gbnr. 110/65 på kote +7,3. Bustadhuset på gbnr. 110/48 ligg om lag på kote +9,4. Høgda på nye naust vert maks kote +7.



Terrengsnitt 2 - oversikt



Terrengsnitt 2. Alsvågvegen er markert i snittet

I terrengsnittet over ligg Alvsvågvegen på kote +6,3, og bustadhuset gbnr. 110/75 på kote +10. Terrenget i bakkant strekk seg til kote +12. Høgda på nye naust vert maks kote +7.


I nordre delen av planområde smalnar Pøyla inn sett frå sjø-sida. Planen legg opp til at denne delen vert fri for tiltak, og dette vil bidra til at området samla sett ikkje vert opplevd som tett utbygd. Det same forholdet vil gruppering av nausta kunne medverke til.

Det vert lagt opp til at dei nye bygga skal byggast på minimum kotehøgde +2. Dette vil skilja seg ut i forhald til eldre, eksisterande bygg langs strandlinja, som for det meste er bygd om lag på kote 0.7 – 1.0. I nærområdet til planområdet og i Alvsvågen er det ei blanding av nyare og eldre bygningar.

7.8 Naturmangfald

Sjå figur kap. 3.4.4 for kjente registreringar av naturmangfald. Det er ikkje registrert funn av trua artar eller naturtypar i planområdet. Ingen av dei registrerte naturtypane på land ligg tett på planområdet. Nærmaste registrert marin naturtype ligg om lag 400 meter sør for planområdet (Langøya, bløtbunnsområder i strandsona). I Pøylo er det registrert artsobseravsjonar av fugleartar som er rødlista. Alle artsførekomstane er fugleartar som er knytt til sjø og kysten.


I følgje Ar5 er planområdet skog, men som ein ser på bilde og flyfoto er store deler av området aust for hovudveg utan vegetasjon. I følgje Miljødirektoratet si kartløysing «kart over grå arealer» er planområdet i hovudsak ikkje grått (definisjon: *område som er nedbygd eller på annan måte påverka av menneskeleg aktivitet*). Kartløysinga viser også at grønnstruktur (sjikthøgde vegetasjon) er avgrensa og dermed at der det er vegetasjon har den relativt låg høgde. Område med høgt nivå av kalk i berggrunnen har ofte rik vegetasjon og mangfald. Planområdet er i kartløysing frå NGU klassifisert til å ha intermediær kalkinnhald i berggrunnen (prognosekart).



Utsnitt frå Kart over grå arealer (kjelde Miljødirektoratet).

Planområdet er del av kystvassførekomsten, Kråkestøosen (0260000032-C). Vassførekomsten er i vannnett registrert med økologisk god tilstand og ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Dagens økologiske tilstand er ihht. miljømål i vassforskrifta.

Tiltakshavar var 18.06.2026 ute i båt med undervasskikkert for å undersøke planområdet med omsyn til mogleg funn av ålegras. Tiltakshavar fortel og dokumenterer med bilde frå synfaringa at planområdet i stor grad har lite artsmangfald og det var ingen registrerte funn av ålegras. Bilda viser sjøbotn og vassøyle som i stor grad er dekka av brunalgar og er dels skjel- og steinsett. Det er ingen tydelege større område med fin grus, sand eller mudder, som er typisk leveområde for ålegras.



Bilde frå undervasskikkert nytta innanfor planområdet. Kjelde: Lars Mæland.





Bilde frå dronefoto teke i juni 2026 innanfor planområdet. Kjelde: Lars Mæland.

Tiltakshavar har budd i området ved Alvsvåg sidan barndomen, kan ikkje huske at det har vore historisk ålegras i området. Feltarbeida dokumenter at det er lite sannsyn for ålegras der naustområda er planlagd. Bilda (drone og undervasskikkert) viser at det er lite lausmassar på botn utanfor naustområdet, og at er det tydeleg grunt, dels steinete og mykje førekomstar av tang nærmast land. Tangførekomstane gjer at eventuell ålegras vil ha dårleg levevilkår då ålegras er avhengig av tilgang på direkte sollys. Det er opplyst om at båteigarar i området brukar motorkraft for å «mudre ut» tilkomst til båtplassar inst i Pøylo (nord for planområdet). Dette er aktivitet som vil virvle opp mudder som da vil dekke nærområda. Ned-mudring toler ålegras dårleg. Naturgrunnlaget for å finne ålegras i planområdet er, basert på desse forholda, svært avgrensa. I tillegg opplyser tiltakshavar om at sjøområda i og kring Pøylo har historisk vore påverka av ekstern forureining og dei naturgitte forholda er framleis dårlege for eit rikt naturmangfald. Forureiningar stammar frå tidlegare salting av fisk og avrenning frå minkproduksjon, aktivitetar innanfor slippen utanfor sundet til Pøylo, samt påverknad av utløp frå private avløpsanlegg.

Biota naturkompetanse AS gjennomførte søk etter marine naturtypar og artar i og ved planområdet 14.september 2026, sjå vedlagt rapport. Undersøkingane fant ingen marine naturtypar, ålegras, havgras eller andre artar av spesiell interesse/verdi.

Naturmangfaldlova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljø-rettslege prinsipp). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

I deler av området er det i dag etablert flytebrygger, og arealet ligg tett på hovudveg. Hovudføremålet med planen er å legge til rette for etablering av 13 naust med tilhøyrande infrastruktur. Planen gir grunnlag for terrenginngrep og tiltak i strandsona og dels i sjø, samt flytebrygger i sjø (reversible tiltak). Føresegnene krev m.a. at: *alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Større tre og annan verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på. Vidare, ved utbygging ved sjø og ved utfylling i sjø skal det nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd*. Vidare er det sett krav om at det ikkje skal fyllast i sjø framfor kaianlegg (dvs. naustføremålet).

I følgje rettleiar T-1554 Naturmangfoldloven kapittel II er hovudregelen at § 8 ikkje stiller krav til innhenting av ny kunnskap. Innhenting av ny kunnskap er meir naturleg bunde saman med krav om

innhenting av ny kunnskap etter forskrift om konsekvensutgreiing. Planområdet er avsett til naust i dagens kommuneplan, og det er ikkje stilt krav til konsekvensutgreiing i planarbeidet. Det er likevel gjennomført kartlegging av marine naturtypar/artar september 2026.

Det følger av § 8 at kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfald. Utbygging innanfor planområdet vil i hovudsak ha verknad gjennom arealbeslag og terrenginngrep, medan bruk av arealet etter anleggsfase har liten verknad. Det er ikkje kjente natur-registreringar i planområdet, sjå tekst/vurderingar ovanfor, og ut frå naturgitte forhold og etablerte tiltak i planområdet er grunnlag for finne særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse er lågt. Vidare er artssamansetnaden i og ved planområdet generelt vanleg for regionen. Tiltaka i sjø sin potensiell påverknad på nærmaste marin naturtype er liten med grunnlag i avstand, svake straumforhold der tiltak i sjø kan utførast, tiltaka i sjø er avgrensa i omfang, samt at føresegnene sikrar at det vert nytta reine massar og tiltak for å avgrense spreiing av materiale. Dei same forholda er gjeldande for påverknad av vassførekomsten i sjø sin økologiske tilstand. På bakgrunn av dette og risiko for skade av planframlegget, er det vurdert at det ikkje er naudsynt å innhente ny kunnskap, jf. nml. § 8. Samla sett vurderer vi at planframlegget ikkje vil påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. nml. § 8.

Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at om ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjersla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderingar vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjersla rører ved naturmangfald, skal ein gå vidare og vurdere dei andre miljørettslege prinsippa. Ettersom tiltaka i denne plansaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilde vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar. Etter ei samla vurdering vurderer ein at planen og tiltak etter den til ikkje å vere i konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova § 8-12. Det er likevel valt å gjera ei vurdering av naturmangfaldslova §§ 9-12.

Når det vert treft ei avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunn for å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningstiltak. Føre-var-prinsippet skal berre nyttast når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap, og det er fare for store negative og irreversible verknadar. Det er vurdert at kjent kunnskap og verknadane av planen ikkje er vesentleg negative for naturmangfald. Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var-prinsippet ikkje skal nyttast, jf. nml. § 9.

Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for. Planframlegget medfører utbygging av eit område som i dag er påverka av menneskeleg aktivitet (flytebrygger og fylling i samband med veganlegg). For naturmangfald vil direkte verknad av utbygginga i hovudsak omfatte dei konkrete arealbeslaga ein opnar for, samt uro og støy i anleggsfasen. Anleggsarbeid vil ha ein avgrensa tidsperiode. Sjølv om utbygginga potensielt har verknadar for økosystema i nærområdet, vurderer ein at den samla økologiske belastninga av planframlegget ikkje er vesentleg endra i høve til dagens situasjon, jf. nml. § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for utbyggingsføremål på areal som i overordna planar er avsett til naustføremål, samt at den generelle belastninga på miljøet i området ikkje er uakseptabel høg i dag. Det er vurdert at planforslaget ikkje har uakseptabel miljøpåverknad.


Tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. For å unngå eller avgrense

skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultata. Planen sin verknad er avgrensa og omfattar areal som er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan. Utbygginga er konsentrert på areal utan kjent verdifullt naturmangfald. Deler av planområdet vil bli regulert til grønstruktur. Ut frå kjent kunnskap om naturmangfald i området, vurderer ein at det ikkje er behov for å gjennomføre andre tiltak, til dømes avbøtande, førebyggande eller kontrollerande tiltak.

7.9 Kulturminne

Det er ikkje kjente, automatisk freda kulturminne i området, der det nærmaste er over 1 km frå planområdet. Alle kjente, automatisk freda kulturminne er såleis på trygg avstand frå alle planlagde tiltak. Dersom det under arbeid i området vert funne mogelege automatisk freda kulturminne på land og i sjø, skal arbeidet straks avbrytast og rette instans kontaktast for avklaring. Dette er teke inn i føresegnene.

Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg i planområdet. Dei næraste ligg på andre sida av Pøyla, omlag 100 m frå planområdet i luftlinje. Her ligg det to gamle naust frå 1800- og 1900-talet med ID 1219-0022-048 og 49. Her ligg det òg eit bustadhus i frå 1800-talet med ID 1219-0022-051. Om lag 120 meter sør i frå planområdet, på andre sida av Pøyla, ligg Kapellet på Fagervoll gravplass. Kapellet er bygd på 1800-talet og har ID 1219-0022-05.



Registreringar av kulturminne interesser i området ved planområdet.

7.10 Folkehelse og friluftsliv

Auka tilgjenge til området opnar for meir turaktivitet og anna utandørs rørsleaktivitet. Dette fremjar folkehelse og aukar trivsel generelt. Området ligg langs ein veg, og kan få auka turtrafikk enten som mål eller som delmål for turaktivitet. Utbygd naustbebyggelse vil tilsei auka mogeleg for fritidsaktivitetar for brukarane, som òg har eit positivt folkehelseaspekt ved seg. På motsett side kan utbygging virka privatiserande slik at ålmenta ikkje brukar området på same måte som før. Dette området har ikkje vore nytta til allmenn rekreasjon slik at det tilsynelatande ikkje er ein slik negativ effekt av denne planen. Ein vil gjennom føresegnene i planen leggja opp til at det skal vera fri ferdsel for ålmenta i planområdet og det vil verta forbode å setja opp stengsel som hindrar ferdsla.

På sommaren er Alvsvågsvatnet vest planområdet ein godt brukt badeplass for ungar og ungdomar i nærområdet. Difor ønskjer ein også å tilretteleggja for sykkelparkering på den parkeringsplassen som skal opparbeidast for nausta, og den er lagt i kort avstand til badeplassen slik at den blir brukt. Dette tiltaket vil gjera det lettare å nytta sykkel fram til badeplassen, og ikkje minst – auke bruken av både sykkel og badeplassen, noko vil virka positivt for folkehelsa.

7.11 Universell utforming

Planen gjeld utbygging av private naust og har difor ingen spesiell tilrettelegging for universell utforming anna enn det som teknisk byggforskrift krev.

7.12 ROS

Trafikkfare

Forhold til trafikktryggleik etc. sjå kapitel 7.3.2

Støy


Eksisterande trafikk med tillegg av ny trafikk har lite trafikk (<300 ÅDT). Trafikkstøy er ikkje vurdert å vera eit problem og naust er ikkje føremål som gir grunnlag for varig opphald. Det er venta liten auke i støy frå sjøferdsle ved utbygging av området. Dersom ein ser for seg at alle planlagde bygningar vert bygde og alle har kvar sin båt, vil auken i støynivå framleis vera liten.

Miljø/ureining/radon

Radon er vurdert til å ikkje vera problematisk i området og bygningane skal ikkje brukast til varig opphald.

Det skal ikkje førekoma ureining under utbygging eller etter området er utbygd. Avløpsvatn vert eventuelt ført til sjø på godkjent djup i henhold til kommunal forskrift, kopla til offentleg anlegg via trykkavløpssystem eller det vert installert privat reinseanlegg.

Dersom det er nødvendig med fylling i sjø må dette sikre at grunnforholda på staden er stabile og ikkje forureina og at det vert nytta reine massar. Dette er sikra i føresegn §§ 2.3 og 2.5. Like sør for planområdet ligg Halleraker mekaniske verkstad (gbnr. 110/21 og 44). Her er det i Naturbase registrert mistanke/lite informasjon om forureining eller deponering av avfall. Oppfølging er uavklart. Forureiningsmynde er Statsforvaltaren i Vestland. Registreringa ligg rundt neset, der det ligg ein terskel. Det er såleis liten grunn til å tru at dei mindre utfyllingane ein opnar for i planområdet vil påverke ev. forureina massar som ligg lenger sør, og på andre sida av terskelen, eller at verksemda sin aktivitet har medført forureina massar i planområdet.



Utsnitt Naturbase som syner forureina massar med lilla, der planområdet er illustrert med raud runding

Naturfare - flaum


Sjå kap. 3.4.3. Det er aktsemd for flaum i Alvsvågvatnet og utløpsbekk som går til sjø i planområdet. Vatnet ligg på ca. kote +3, og Alvsvågvegen ligg på ca. kote +6. Det er fast fjell kring vatnet. «Bekken» er ei stikkrenne er for overløp, som går i frå Alsvågsvatnet under vegen, der vatnet vert ført i ei steinsett fylling og vidare ut i sjø. «Bekken» er såleis ikkje registrert i NVE sitt elvenett, då den ikkje har årssikker vassføring. Ut i frå bilete ser det ut som om arealet er steinsett/utfylt i samband med etablering av vegen i si tid, og ein ser ikkje eit tydeleg bekkeløp her. Arealet kring «bekken» er i planen avsett til blå-grønstruktur, og fare for skade på bygg og konstruksjonar ved ein ev. flaum i utløpsbekken er vurdert å ikkje vera problematisk.



Bilete som syner arealet der utløpsbekken går. Det går ei stikkrenne under vegen.

Naturfare - stormflo

Naust er definert som eit uthus; ein bygning i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskapar. Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad. TEK17 gir at sikkerheitsklasse F1 omfattar byggverk med lite personopphald og små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar ved oversvømming. Byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er t.d. garasje og lagerbygning med lite personopphald. I følgje nettsida sehavniva.no er det for Pøyla sett eit anbefalt planleggingsnivå på 110 cm for byggverk i sikkerheitsklasse 1 (20-års stormflo, F1), 210 cm for byggverk i klasse 2 (200-års stormflo, F2 i 2100), og 220 cm for byggverk i klasse 3 (1000-års stormflo, F3 i 2100) ved normalnull 2000 (jf. TEK17). For å sikre at nye naust (sikkerheitsklasse F1) vil følgje krav til tryggleik sett i TEK17, er det lagt inn i føresegnene at dei skal plasserast med overkant golv i 1. etg. på kote +2 for å hindre skadar på byggverk ved stormflo.



Utsnitt som syner vasstand ved 20-årsflaum (F1 jf. TEK17)

Naturfare – områdestabilitet


Fare for områdeskred er vurdert etter NVE sin rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred. Det er ingen registrerte faresoner for kvikkleire i, eller i nærleiken av planområdet. Området ligg under grense for marin leire, og deler av planområdet er difor synt i aktsemdskartet for marin leire. Det er registrert aktsemdsområde kvikkleireskred på areal langs Alvsvågvegen, sjå figur under. Lausmassekartet syner at det ikkje er marin strandavsetning her, men at lausmassane består av bart fjell. I følgje NGU si liste over lausmassetypar og sannsyn for marin leire er denne «Stort sett fråverande» i denne lausmassetypen. I AR5 er det synt grunnlendte forhold i planområdet, og det er fjell i dagen i store deler av planområdet. Områdeskred kan oppstå i områder med samanhengande marin leire. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred, og ein går difor ikkje vidare med vurderingar etter prosedyren steg 3-11. Ein vurderer at det heller ikkje er mogeleg marin leire i områda i bakkant.



Utsnitt som syner aktsemdskart kvikkleire og type lausmassar (kjelde: NVE)

Risiko for skred grunna områdestabilitet i sjø er knytt til lausmassar på sjøbotn og i strandsona som kan miste fastheita og føre til skred dersom dei vert forstyrra. Ein føresetnad for at skred kan skje er at det er lausmassar på området, og at det er bratt helling under vatn.

I følgje tiltakshavar, flyfoto og dronefoto er det langgrunt i sjøområdet. Det er ikkje djupnemålingar i området, men i følgje djupnedata er det djupaste partiet midt i Pøylo ca. 6 m.u.h. Frå land er det om lag 58 meter ut til punktet med 6 muh. Dette gir, dersom det er jamt slak helling på botn, 5,9 grader (1:9,67). Dette er under NVE nr. 1/2019 som refererer til «*jevnt hellende terreng brattere enn 1:20*» som terreng som kan inngår i lausneområde for områdeskred. Litt lengre nord, ev innløpet til indre del av Pøylo viser djupnedata 1,9 muh. Alvsvågvatnet ligg vest for planområdet. Overløpet frå det (stikkrenne) ligg høgare enn normal vassføring, slik at det sjeldan vert tilført lausmassar via overløpet til sjø.



Djupnedata i offentleg databaser.

Tiltakshavar var 17. desember 2025 ute i båt med lang jernstang for å sjekke lausmassedekke på sjøbotn, og 18.06.2026 med undervasskikkert for å undersøke planområdet. Tiltakshavar fortel at i dei områda

som vart sjekka, er det i hovudsak fjell i dagen og svært avgrensa lausmassedekke. I tillegg til at det var relativt jamn og slak djupne i området, noko som stadfester djupnedata i offentleg kartbasar.

Hovudføremålet med planen er naust og småbåtanlegg, som er relativt små tiltak med lite person-opphald, og som ikkje fører til tilflytting av personar (tryggleiksklasse S1 jf. TEK17). Det er trong for terrengendringar for å etablere tiltaka, og føresegnene krev at brygge/kai skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Vidare at der det er grunne djupnefor-hold og tydeleg fjell i dagen kan kai/brygge etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. I område med lausmassar under 60 cm djupne skal lausmassar fjernast og over 60 cm skal tiltaka plasserast på pelar fundamentert i fjell. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget. Innanfor føremålet småbåtanlegg i sjø skal det ikkje gjerast terrenginngrep.

I samband med plansaka er det vore kontakt med fagkyndig geolog (Head Energy AS) fordi rettleiar frå NVE om områdestabilitet i hovudsak er knytt til landområde og ikkje sjø. På generelt grunnlag informerer han at dersom forholda på staden er langgrunt og ikkje brådjupt, og at det er fjell i dagen/lite lausmassar både på land og i sjø, er sannsyn for dårleg grunnforhold og skred avgrensa, eller ikkje til stade.

Det er vurdert at det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred frå landsida då det er fjell i dagen på store deler av området. Ut frå kjent offentleg tilgjengeleg datagrunnlag, påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m) i sjø av tiltakshavar, at dei naturgitte forholda er langgrunt og lite djupne i Pøylo, samt krav i føresegnene til gjennomføring av tiltak i sjø, er det ikkje fare for at nye tiltak vil utløyse områdeskred i sjø. Basert på desse forholda går ein ikkje vidare med vurderingar etter prosedyren steg 3-11 i NVE sin rettleiar 1/2019.

Føresegnene gir at det i samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar skal gjennom-førast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid, for å unngå eventuell fare for grunn-brot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.



Flyfoto som viser grunnforhold i sjø. Det er tydleg flu/steinar i området. Venstre: Flyfoto 1969 Høgre: flyfoto 2009.



Bildet viser den vestlegaste delen av planområdet, med 110/225 i midten





Bildet viser 110/329 til venstre, 110/94 i midten, og meir av 110/329 til høgre

8) PLANFAGLEGE VURDERINGAR

8.1 Strandsone

Strandsona er ein viktig verdi, både for lokalbefolkning og tilreisande. Bruk og vern er motstridande interesser, og det er sentralt å bevara strandsone slik at ålmenta og kan få tilgang til sjølinja. Utbygging vil medføra inngrep i strandsona, men innanfor dei rammene som er satt gjennom kommuneplanen sin arealdel 2013-2025.

Føresegnene gir at det ikkje skal setjast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona og på kaiar som kan vere til hinder for ålmenta si ferdsle i desse områda. Planområdet har ca. 215 m strandlinje totalt. I planen er det regulert for 13 naust, fordelt på seks naustområde. Naustområda utgjer om lag 105 m strandlinje, medan grøntareal utgjer om lag 110 m strandlinje. Planframlegget opnar såleis for ei nedbygging av om lag halvparten strandlinja i området, der halvparten framleis vil tilgjengeleg for ålmenta. I planframlegget har ein forsøkt å samla utbygginga i klynger for å gje rom for ålmenta mellom klyngene, og ein vil søkja å få til ei skånsam utbygging av området. I tillegg vert eit område nord i plan-området halde tiltaksfritt.

Strandsona vil nokre stadar verta tilgjengeleg for fleire ettersom det vert laga stiar og vegar til bygga, mens der det vert bygd bygningar vil strandsona ikkje verta tilgjengeleg og den nære sona dels privati-sert. Gjennom føresegnene i planen vert stengsler og gjerde langs strandsona ikkje tillate slik at ferdsel kan skje også langs strandsona.


8.2 Fråvik frå kommuneplanen – utfylling i sjø

I gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 er det ein generelle regel om å tillata utfylling i sjø maksimalt 3 m ut frå kystkonturen. Ein søkjer å fråvika dette i planen. Årsaka til dette er å komma langt nok ut i sjø til å få tilfredsstillande djupe for småbåtar, utan å måtte sprengja eller grava ut. Botnforholda i BUN-områda er langgrunne, og her finst fleire grunnområder som hindrar tilflott. Samtidig er det ei lita vik som i dag er fylt med sprengstein der ein ønsker å fylla ut noko for å få ein felles front mot sjø.



Bildet viser vik i BUN 2 sett frå sjøen

Ein søkjer å fråvika kommuneplanen sin generelle regel om maksimal utfylling avgrensa til maksimalt 3 m frå kystkonturen. Ein held seg likevel innanfor arealføremålsgrensa sett i same plan. Slik planleggjar ser det, er planen i tråd med kommuneplanen sitt spesifikke føremål for området, men i strid med den generelle 3 m-regelen. Sjå prinsippskisse i kap. 7.2.3. Ved å gå noko lenger ut i sjø med fylling/pela tiltak, vil ein spare terreng i bakkant. Føresegnene gir at brygge/kai skal skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold og tydleg fjell i dagen kan kai/brygge etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. I område med lausmassar under 60 cm djupne skal lausmassar fjernast og over 60 cm skal tiltaka plasserast på pelar fundamentert i fjell. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget.



Skisse som syner kystkontur med blå linje, og 3 m med stipla blå linje.

8.3 Fråvik frå kommuneplanen – føremål

I gjeldande kommuneplan er omsøkte område på land avsett til naustføremål, men utanfor føremålet naust i planområdet er det ikkje teke med område i sjø til småbåtanlegg. Dette ville ha vore naturleg og det finnes ei rekkje andre dømer på same forhald andre stadar i kommuneplanen.

Planleggjar legg til grunn at det er kommuneplanen sin intensjon at nausteigarar også er båteigarar, og at bruken av naust heng sterkt saman med bruken av båt. Følgjeleg treng ein regulera inn område med føremål småbåtanlegg i sjø, der det i dag er avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Dette kan i utgangspunktet tolkast som å ta frå ålmenta ein rett, men slik området Pøyla er


utforma som ei vid bukt, er det meir enn tilstrekkeleg plass til ålmenta sine bruksinteresser av sjøområdet til friområde også med ein liten utviding av føremålsgrensa sett i kommuneplanen.



Utsnitt frå kommuneplanen



Utsnitt frå planframlegget



Utsnitt som viser totalt sjøareal i Pøyla.

Slik planleggjar ser det, er det eit akseptabelt fråvik å utvida føremålsgrensa utanfor naustområdet sett i kommuneplanen til å også inkludera føremål for småbåtanlegg som vist i planframlegget. Ålmenta sine interesser vert ikkje påviseleg redusert ettersom det er tilstrekkeleg friareal til sjøverts ferdsle utanfor planområdet også etter ei eventuell utviding.

Bremnes 18.09.2026
Planlegg Bømlo as